



- eit fyrtårn i vest

Veteranplan 2026-2027



Øygarden kommune bryr seg om veteranane sine. Kommunen ønskjer å ta vare på og følgje opp veteranar, både under og etter internasjonal teneste for Noreg. Planen skal bidra til godt samarbeid i kommunen og sikre at veteranar og familiane deira blir møtte med forståing og rett hjelp.

OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Innhald

Grunnlaget for veteranplanen	3
Situasjonen lokalt	3
Mål.....	3
Anerkjenning	4
Tiltak	5
Ivaretaking	5
Tiltak	6
Oppfølging	6
Tiltak	7
Evaluering av planen.....	7
Forsvaret sitt tilbud.....	8
Kontaktinformasjon for veteranar og pårørande	9

Grunnlaget for veteranplanen

Noreg har tradisjon for å spele ei aktiv rolle i det fredsbevarande arbeidet i verda. Dette har mellom anna si forklaring i at Noreg er ein ettertrakta samarbeidspartnar og fredsbevarande aktør i internasjonale konflikter. Sidan 1947 har 100 000 nordmenn gjort teneste i internasjonale operasjonar. Dette omfattar 100 operasjonar på fire kontinent. Sidan oppstarten av FN-operasjonen i Libanon i 1978 har meir enn 40 000 personar bidrege i teneste for Noreg og det internasjonale samfunnet, i fredens teneste. Det er i dag kring 80 000 veteranar i Noreg.

Merksemda om å ivareta og følgje opp dei som har gjort teneste under krevjande forhold i internasjonale operasjonar, har auka dei siste åra. Behandlinga av krigsseglarane etter krigen er noko vi som samfunn ikkje er stolte av. På bakgrunn av dette kom *St.meld. nr. 34 (2008–2009) Frå verneplikt til veteran*. Meldinga skulle bidra til å skape større forståing i samfunnet for veteranane sitt oppdrag, situasjon og behov. I regjeringa si oppfølgingsplan frå 2014 ligg det òg eit oppdrag til kommunane:

Det bør legges til rette for bedre samhandling og utvikling av lokale tiltak for oppfølging og ivaretagelse av personell som har vært i internasjonal tjeneste. Kommunene oppfordres til å utarbeide kommunale eller interkommunale veteranplaner. Planene bør fokusere på behov til veteraner og deres familier, med fokus på samhandling mellom ulike kommunale aktører. Sentrale elementer i planene bør være kompetanseheving, beskrivelse av forpliktende samarbeid mellom relevante aktører, og ivaretagelse av veteraner og deres familier, som har behov for ulike tilbud.

Kilde: Regjeringen (2014) I tjeneste for Norge: Regjeringens oppfølgingsplan. Tiltak 14.

Situasjonen lokalt

Av omsyn til personvern er det ikkje mogleg å hente ut eksakte tal for kor mange veteranar som bur i Øygarden kommune. Kommunen sine eigne vurderingar peikar likevel på at veteranpopulasjonen truleg ligg rundt 300 personar. Når vi nyttar omgrepet veteran i denne samanhengen, siktar vi til personar som har deltatt i internasjonale militære operasjonar. Personar som har vore i utanlandsoppdrag for politiet, Utanriksdepartementet eller FN kan ha liknande erfaringar, men dei kjem ikkje inn under denne definisjonen. For kvar veteran reknar ein gjerne med at om lag ti andre personar kan vere berørte på ein eller annan måte.

Veteranane i Øygarden har ikkje organisert seg i ei felles foreining. Dei er i varierende grad engasjerte i nasjonale og/eller regionale organisasjonar. NVIO (Norges Veteranforbund for internasjonale operasjonar) er ein nasjonal organisasjon med kring 7000 medlemmar og 60 lokalforeiningar. Fleire av veteranane i Øygarden er tilknytte den regionale foreininga NVIO Bergen og omland. INTOPS Bergen & Omland OPP OG UT er ein annan lokalt basert organisasjon som mellom anna organiserer matombering for dei som har behov for det, og som arrangerer trivselsfremjande friluftssarrangement for veteranar og deira familiar i vårt område. Veteranar frå Øygarden står sentralt i dette arbeidet.

Mål

Den nåverande presidenten i NVIO, Ole Asbjørn Fauske, peikar på at om lag 90 prosent av veteranane klarer seg godt etter teneste ute, og at dei representerer ein viktig ressurs og verdifull kompetanse for samfunnet. Rundt 10 prosent har større eller mindre utfordringar som må følgjast

opp lokalt i kommunen. Fauske understrekar at det viktigaste med ein veteranplan er å synleggjere veteranane som ein ressurs, og at kommunen er open for å nytte den kompetansen denne gruppa representerer.

Forsvaret har utarbeidd eit rettleiingshefte der dei gir råd om kva ein veteranplan bør innehalde. Dei peikar på tre hovudområde som planen bør omtale: anerkjenning, ivaretaking og oppfølging. Denne planen er utarbeidd mellom anna med utgangspunkt i denne rettleiinga og er bygd opp kring desse tre stikkorda.

Veteranplanen er forankra i følgjande hovudmål og delmål i kommuneplanen sin samfunnsdel:

Hovudmål	Delmål
Øygarden er ein god stad å bu.	Øygdssamfunnet er eit helsefremjande, inkluderande og trygt samfunn.
Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet.	Øygarden har eit variert og inkluderande kultur-, fritids-, idretts- og frivilligliv.
	Øygarden har eit tenestetilbod som fremjar god folkehelse.
Øygarden er eit kompetent, innovativt og produktivt samfunn.	Øygarden er ein nasjonal føregangskommune for inkluderande arbeids- og næringsliv.

Mål for kommunen sin veteranplan:

- Øygarden kommune verdset, tek vare på og følgjer opp veteranane, både under og etter internasjonal teneste for Noreg.
- Planen skal sikre god samhandling internt i kommunen og medverke til at veteranar og familiar blir møtte med forståing og rett kompetanse.
- Kommunen er open for å sjå på veteranane som ein ressurs og nytte den kompetansen dei har, der det er naturleg.
- Kommunen skal gjere det enkelt for veteranar og andre å finne informasjon om tenestetilbod i regi av kommunen og om aktuelle organisasjonar for veteranar og deira familiar.

Anerkjenning

Personell som har gjort teneste i internasjonale operasjonar, har tileigna seg ei særskild erfaring og kompetanse. Denne kompetansen kan vere nyttig for kommunen i ei rekkje samanhengar. Det at personellet får nytte og dele denne kompetansen i heimkommunen, vil vere av stor betydning for opplevinga av å bli anerkjend for tenesta dei har gjort.

Kompetansen som veteranar har opparbeidd seg gjennom utanlandsteneste, kan vere av ulik karakter. Det kan handle om evna til å handtere krisesituasjonar, både gjennom leiarskap og ved å kunne ta vare på folk i krevjande situasjonar. Generelt leiarskap og leiarskapsutvikling er eit anna relevant kompetanseområde. Personar som har vore i utanlandsteneste, har ofte god kjennskap til

andre kulturar, noko som kan gjere dei til verdifulle ressursar i integreringsarbeid for flyktningar og arbeidsinnvandrarar.

Offentlege seremoniar og markeringar er viktige for å synleggjere veteranane og innsatsen deira. For mange er dette den viktigaste forma for anerkjenning. Datoen 8. mai er no den offisielle veterandagen, i tillegg til å vere frigjeringsdagen til minne om hendingane 8. mai 1945. Det er difor naturleg å nytte denne dagen til å heidre veteranane på ein konkret måte.

Tiltak

Tema	Mål	Tiltak	Ansvar	Frist
Anerkjenning	Synleggjere og verdsetje innsatsen til veteranane	Kommunen skal spreie kunnskap til innbyggjarane gjennom kommunen sine kanalar om tenester og tiltak retta mot veteranar og familieane deira, inkludert markeringar.		Løpande
		Markering av veterandagen 8. mai med kransenedlegging og hovudmarkering.	Kulturavd. i samarbeid med veterankontakt	8. mai kvart år
		Publisera informasjon og artiklar om veteranarbeid i kommunale kanalar.	Kommunikasjonsavd.	Løpande

Ivaretaking

Kommunen har ansvar for at innbyggjarane har tilgang til nødvendige helse- og omsorgstenester. Dette gjeld sjølvstøtt også for personar som har vore deltakarar i internasjonale militære operasjonar. Som nemnt ovanfor klarer dei fleste veteranar seg bra etter tenesta, medan nokre vil ha større eller mindre problem og utfordringar som følgje av det dei har opplevd. For fastlegar og tilsette i dei kommunale tenestene er det viktig å vere merksam på at årsaka til fysiske og psykiske helseplager kan vere belastningar knytte til internasjonale operasjonar, også når dette ligg langt tilbake i tid. Det må sikrast at det i kommunen sine helsetenester, i skular og barnehagar og i PPT, finst nødvendig kompetanse på dette feltet.

Kommunen må bidra til god og lett tilgjengeleg informasjon om dei tilboda kommunen har på dette området, og òg om dei tilboda som Forsvaret og veteranorganisasjonane har. Kommunen si

heimeside vil bli nytta til dette, og det må vurderast om det skal utarbeidast brosjyremateriell for føremålet.

Kommunen vil opprette ein kommunal veterankontakt som har ansvar for å halde oversikt over kommunen sitt tilbod til veteranar og deira familiar, samt vere eit kontaktpunkt og ei «dør inn». Etablering av ein kommunal veterankontakt vil dessutan vere eit viktig tiltak for å koordinere samarbeidet med sentrale aktørar på feltet, som Forsvarets veteraneneste, dei frivillige organisasjonane og dei regionale ressursstentera om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS). Oppgåva som veterankontakt er lagt til ei eksisterande stilling i kommunen.

Tiltak

Tema	Mål	Tiltak	Ansvar	Frist
Ivaretaking	Sikre gode tenester og støtte til veteranar og familiare	Utpeike ein fast veterankontakt som koordinerer veteranarbeidet	Kultur-avdelinga	1. kvartal 2026
		Gi opplæring til helsepersonell om veteranrelaterte utfordringar og sikre tilbod.	Helse- og omsorgsavgd.	2. kvartal 2026
		Tilby lokale og støtte til aktivitetar i samarbeid med veteranorganisasjonar.	Kulturkontoret / eigeomsavgd. Aktiv kommune (lenke)	Løpande
		Invitera veteranar til å holde foredrag om internasjonal teneste, fredsarbeid og demokrati i skular.	Kultur- og oppvekstavgd.	Løpande
		Invitera veteranar til å bidra i lokale kulturarrangement, historiske markeringar og undervisning om fredsarbeid.	Kulturavgd.	Løpande

Oppfølging

Oppfølging vil alltid skje på bakgrunn av eit definert behov. Eit mindretal av dei som har deltatt i internasjonale operasjonar, vil oppleve helsemessige utfordringar kortare eller lengre tid etter avslutta oppdrag. Det er då viktig at dei blir møtte og følgde opp av eit kommunalt tenestetilbod der

dei tilsette har eit minimum av kunnskap om kva internasjonal teneste inneber, og kva særskilde utfordringar og problem som kan oppstå som følge av slik teneste.

Forsvaret har ei lovpålagd oppfølgingsplikt for sitt personell det første året etter at dei er komne heim frå internasjonal teneste. Denne oppfølginga kjem i tillegg til, men skal ikkje erstatte, dei tenestene kommunane og andre offentlege etatar pliktar å yte til sine innbyggjarar.

I dei tilfella der veteranar får problem etter tenesta, kan dette også få konsekvensar for familie og pårørande. Problembiletet kan vere komplekst og involvere fleire kommunale tenesteområde. God samhandling på tvers av fagfelt og forståing for rolla til dei ulike faginstansane er viktig for å sikre eit heilskapleg og koordinert tilbod til veteranane og deira familiar.

Tiltak

Tema	Mål	Tiltak	Ansvar	Frist
Oppfølging	Ha strukturert dialog og evaluering av tiltak	Etablere årlege dialogmøte med veteranorganisasjonar	Veterankontakt	4. kvartal kvart år.
		Gjennomføra årleg evaluering av handlingsplanen og rapportera til levekårsutvalet.	Veterankontakt i samarbeid med avdelingar	4. kvartal kvart år.
	Ha strukturert dialog og evaluering av tiltak	Etablere årlege dialogmøte med veteranorganisasjonar	Veterankontakt	4. kvartal kvart år.
		Gjennomføra årleg evaluering av handlingsplanen og rapportera til kommunedirektøren.	Veterankontakt i samarbeid med avdelingar	4. kvartal kvart år.
		Kompetanseheving for tilsette gjennom kurs og e-læring om veteranarbeid.	HR-avdelinga	3. kvartal 2026.

Evaluering av planen

Planen skal evaluerast årleg, og ei skriftleg oppsummering av evalueringa skal leggjast fram for Levekårsutvalet. Dersom evalueringa viser at det er behov for å endre sjølve planen, skal det fremjast eiga sak om dette.

Forsvaret sitt tilbod

Forsvaret har eit eige tilbod som gjeld både før, under og etter teneste i internasjonale operasjonar. Dette skal sjåast på som eit supplement til det kommunale tenestetilbodet, ikkje som ei erstatning. Før utreise vert det arrangert ei fellessamling for soldatane og deira familiar. Her får dei informasjon om sjølve operasjonen og om tilhøva i området der dei skal gjere teneste. Ivaretaking av barn og familiar elles er òg tema på denne samlinga.

Under utanlandstenesta har Forsvaret ein døgnopen kontakttelefon for pårørande. Det vert òg arrangert familiesamlingar undervegs, mellom anna for å gi oppdatert informasjon frå operasjonsområdet.

For å førebu overgangen til livet etter teneste i ei krigssone, vert det arrangert ei samling på to til tre dagar – ei såkalla «mellomlanding» – på vegen heim. Overgangen til kvardagen heime kan vere stor, og under mellomlandinga vert det gjennomført debrief, samtale med psykolog og erfaringsdeling. Ved heimkomst til Noreg vert det arrangert ein medaljeseremoni for å heidre soldatane, ei markering som òg pårørande vert inviterte til.

Forsvaret har oppfølgingsansvar i eitt år etter heimkomst. Etter tre til seks månader tek Forsvaret kontakt for å høyre korleis den første tida heime har vore. Etter eitt år arrangerer dei ei samling der personellet møtest for å dele erfaringar om heimkomsten, og der psykolog deltek. Formelt sett vert Forsvaret si oppfølgingsplikt avslutta etter eitt år. Likevel kan alle veteranar når som helst kontakte Forsvaret for spørsmål om rettar, hjelp og tilbod. For slik oppfølging er «Forsvarets opne dør» etablert. Dette er eit kontor som er ope alle kvardagar, bemanna med eit tverrfagleg team av militært og sivilt tilsette med lang erfaring i å gi råd og rettleiing til veteranar og deira familiar.

Kontaktinformasjon for veteranar og pårørnde

Forsvaret si opne dør for veteranar

Tlf. 800 85 000 (Ope kl. 08.00–15.00 på kvardagar)

E-post: veteraner@mil.no

NVIO – Noregs veteranforbund for internasjonale operasjonar

<https://bergenogomland.nvio.no/>

E-post: post@bergen.nvio.no

Veteranforbundet SIOPS – Skadd i internasjonale operasjonar

Tilbyr hjelp til oppfølging og rettleiing i møte med det offentlege, juridisk hjelp og eksperthjelp innan økonomiske spørsmål.

Nettside: www.siops.no

Tlf.: 22 69 56 50

E-post: post@siops.no

INTOPS Bergen & Omland – Opp og ut

Frivillig organisasjon drive av og for veteranar. Organiserer opne og gratis arrangement for IntOps-veteranar, pårørnde og etterlatne.

Nettside: www.oppogut.org

Tlf.: 913 87 660

Kontaktperson i Øygarden: Bjørn Dåvøy, tlf. 991 66 736

Kameratstøtte.no

Ei nettbasert rettleiingsteneste for veteranar og familiar. Vert driven i samarbeid med NVIO og Mental Helse.

Nettside: www.kameratstotte.no

Kameratstøttetelefonen: 800 48 500

Ei landsdekkande, døgnbemanna hjelpetelefon der ein kan snakke med nokon som har tenestegjort i utlandet. Ein kan vere anonym.

Forsvaret si informasjonsside for veteranar

<https://forsvaret.no/veteraner>

Forsvarets sanitet / IMPS / NMP (Nasjonalt militærmedisinsk poliklinikk)

Tlf.: 23 09 79 30

NAV – kompetansemiljøet for veteransaker

E-post: veteran@nav.no